

Det Kongelige kommunale- og regionaldepartement
P.b. 8112 , Dep

0032 OSLO

OS, 29.01.2008

L.nr.
1676/08

Saknr.
08/182

Arkivkode
103//&13

Eining/Sabh
ORG/GSH

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - SØRHEIMUTVALGET – INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE HØYRING

Os Formannskap behandla i møte 29.01.2008 sak 1/08. Følgjande vedtak vart gjort:

Os kommune gjev slik uttale til Sørheim-utvalet – endringar i inntektssystemet for kommunane;

1. Os kommune sluttar seg til at minimum 50% av kommunane sine samla inntekter gjennom inntektssystemet bør komma frå skatteinntekter, men at staten bør kompensera/trekkja inn midlar når endeleg skatteinnngang for rekneskapsåret skil seg vesentleg frå estimert skatteinnngang på nasjonalt nivå.
2. Os kommune stør fleirtalet i Sørheim-utvalet som går inn for å vidareføra dagens modell for inntektsutjamning, men auka den symmetriske inntekstutjamninga frå 55% til 60%.
3. Trass i at Os kommune isolert sett taper på dagens modell for selskapskatt, der kommunane får behalda ein del av selskapskatten frå lokale verksemder, går kommunen inn for at modellen vert vidareført. Dette er viktig for å gje kommunane insitament til å leggja aktivt til rette for næringsutvikling og lokal verdiskaping i form av nye næringsareal og service overfor næringslivet. Det er også positivt for tilsette og eigarar av lokale verksemder at deler av deira verdiskaping vert verande att i lokalmiljøet.
4. Os kommune har ikkje merknadar til Sørheim-utvalets framlegg til endringar innanfor dei regionpolitiske verkemidla i inntektssystemet.
5. Os kommune legg til grunn at det no vert innført eit eige vekstkommunekriterie i inntektssystemet. Vekstkommunar har generelt store utfordringar i høve utbygging av naudsynt infrastruktur til nye innbyggjarar (skular, barnehagar, institusjonsplassar, veg, vatn, kloakk og anna infrastruktur). Os kommune er ein av desse kommunane, og kan dokumentera store kostnader knytt til høg folkevekst både på drifts- og investeringssida.

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 50 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval: 56 57 50 20

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.os.hordaland.no

INFO

Bankgiro: 6525.05.05676
Org.nr.: 844 458 312

Kommunen er positiv til Sørheim-utvalet sitt forslag om ein kompensasjon på kr 50 000 for nye innbyggjarar ut over det dobbelte av gjennomsnittleg årleg folkevekst på landsbasis. Nivået på kompensasjonen bør imidlertid evaluerast etter at kriteriet har verka i nokre år.

6. Os kommune har elles ikkje merknadar til utvalets framlegg om endringar i høve oppdatering av innbyggjartal og heilskapleg inntektsgaranti.

Med helsing


Gunvor S. Heggland
Konsulent
